

NYNORSKSATSING I BÆRUM har gjeve gode resultat i både bokmål og nynorsk. Lærar Magn Ness deler gode råd med oss. **S. 3**

IKT OG VENSKAPSKLASSE er nokre av ingrediensane i nynorskprosjektet «Levande nynorsk» på Brannfjell skole i Oslo. **S. 4**

GRATIS FILMPAKKE skal gje inspirasjon og idear til norsklærarar som underviser i nynorsk som sidemål. **S. 13**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 1 | VINTEREN 2007 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



TEMA:
Sidemålsopplæring



NYTTIG MED NYNORSK

Elevlar med bokmål som hovudmål likar å lære nynorsk berre dei får begynne tidleg, får god undervisning og nok timar til å arbeide med nynorsken. TNS Gallup gjennomførte i 2007 ei gransking av sidemålsopplæringa. Granskinga viste at elevlar som får lære nynorsk tidleg, er meir motiverte og vert flinkare i nynorsk enn dei som utset nynorskundervisninga så lenge som råd!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, vil med dette bladet spreie informasjon om eksemplarisk nynorskopplæring ut til så mange lærarar som råd. I det første nummeret er det særleg undervisningsopplegg for nynorsk som sidemål vi konsentrerer oss om.

Etter den nye læreplanen, Kunnskapsløftet, er kompetansemåla i skrivning på bokmål og nynorsk

heilt jamstilte. Målet for norskopplæringa er at elevane skal lære å skrive både nynorsk og bokmål. Lærer ein begge dei norske språkformene vert ein flinkare i norsk.

Nynorsksenteret har sett i gang mange utviklingsprosjekt for å styrkje opplæringa i nynorsk på skular der dei fleste elevane har bokmål som hovudmål, og nokre av desse prosjektskulane presenterer vi i dette nummeret. Senteret går inn og stimulerer prosjekta med til dømes kurs for lærarane og rettleiing i arbeidet. På www.nynorsksenteret.no/fou/ finn du meir informasjon.

Vi håper det nye bladet *Nynorskopplæring*, som Nynorsksenteret skal gje ut tre gonger i året, kan skape motivasjon og gje nye idear. Nynorsksenteret vil gjerne kome i kontakt med lærarar over heile landet som kan bidra med innspel til betre nynorskopplæring.

Anne Steinsvik Nordal
leiar for Nynorsksenteret

NYNORSKOPPLÆRING NR. 1, FYRSTE ÅRGANGEN

ANSV. REDAKTØR: Anne Steinsvik Nordal

UTGJEVAR: Nynorsksenteret

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Goodchild

SPRÅKVASK: Aud Søyland

ILLUSTRASJONSFOTO PÅ FRAMSIDA:

Kristin Kibsgaard Sjøhelle

ISSN: 1890-3975

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING er gratis, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten når det kjem ut. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda

Postboks 500

6101 Volda



SATS PÅ NYNORSK!

Bekkestua ungdomsskole i Bærum har satsa på nynorsk og vunne! Det viser det gode resultatet deira ved siste avgangseksamen for tiande-klassene ved skulen. Magn Ness, ei av eldsjelene for prosjektet, er ikkje i tvil om at nynorskkompetanse har overføringsverdi når elevane skal lære å skrive bokmål. Det handlar om å sjå norskfaget som ein heilskap.

TEKST: Ingrid Slettevoll

– *Korleis vil du forklare at satsinga på god nynorskundervisning gjev gode resultat både i bokmål og nynorsk?*

– Både nynorsk og bokmål er variantar av same språket. Det seier vel seg sjølv at om du jobbar med sjangertrekk på nynorsk, så kan dette overførast til bokmål. Ein kan snakke om ein samla kompetanse i faget norsk. Eg har hatt ei undersøking i fire klasser, og den viser at klasser med lærarar som viser at dei beherskar nynorsk og brukar det dagleg, får elevar som er meir motiverte til å lære meir både nynorsk og bokmål.

– *Kva meiner du om Finn-Erik Vinje sitt utspel der han hevdar at det gode resultatet kjem av fleire timar? Stemmer dette?*

– For det fyrste har vi ikkje gjeve dei fleire timar enn andre skular har gjort, snarare tvert imot. Etter at vi i 8. klasse har hatt ei innføring i grunntrekka i grammatikken, har

vi eit oppfriskingskurs i starten av 10. klasse, og etter det legg vi berre vekt på å bruke språket, ikkje pugge eller noko liknande. Vi brukar også nynorsk i andre fag, i til dømes samfunnsfag, kunst og handverk og PTV.

– *Motivasjon er ifølgje læringsteoriar ein av dei aller viktigaste føresetnadene for læring. Kva har de gjort på Bekkestua ungdomsskole for å få foreldra med på laget?*

– Eg trur ikkje at foreldra på Bekkestua er meir interesserte enn andre, men dei får klar beskjed på foreldremøte om at dette er eit viktig fag på linje med dei andre teljande faga, og når dei har skjønna det, og gøymer eventuelle fordommar for barna sine, har eg berre fått positive tilbakemeldingar på at det er flott med lærarar som brenn for faget sitt. Dei er også veldig takksame for at dei har ein lærar (meg) som brukar språket heile tida og viser at det er eit godt bruksspråk.

GODE RÅD

Magn Ness deler velviljug ut gode råd til lærarar som skal undervise i nynorsk:

- **Vis at du eig faget.** Framstå som den fagpersonen du er, det er du som kan dette. Elevane gjennomskodar deg fort om du gjev uttrykk for at du underviser i dette faget berre fordi du må.
- **Vis at du kan skrive nynorsk.** Skriv informasjon til foreldre på nynorsk, lag prøver på nynorsk og skriv på tavla på nynorsk i norsk og andre fag.
- **Gå gjennom språkhistoria** for å få dei til å forstå kva som er bakgrunnen for at vi har to skriftspråk.
- **Legg vekt på likskapen** mellom språka i staden for det som er ulikt. La elevane få streke under dei orda i ein tekst som er ulike på nynorsk og bokmål, så vil dei sjå kor like språka egentleg er.
- **Ikkje begynn med pugg og grammatikk,** begynn med å lese og skrive små tekstar som du ikkje rettar i første omgang.
- **Noko grammatikk-kunnskap må til** etter kvart, t.d. må alle elevane kjenne til hovudtrekka i substantivbøyinga. Bruk dei nynorske nettstadene til å jobbe med og repetere grammatikken. Det fine med desse er at dei er sjølvinstruerande.
- **Test språket i brukssamanheng.** I staden for å ha grammatikkprøve går det an at eleven skriv ein tekst eller omset ein tekst frå bokmål der du bakar inn det du vil at eleven skal ha lært seg, og som han må vise på denne måten.
- **Ikkje skil ut nynorsken** som eit eige fag i faget. I staden for å ha heile, eigne nynorsktimar, kan du la bruken og innlæringa vere ein del av dei vanlege norsk-timane. På den måten vert det litt ufarleggjort, og elevane skjønar at bokmål og nynorsk er norsk, og ikkje to veldig ulike fag.

NYNORSKSENTERET.NO

RESSURSBASE FOR NYNORSKOPPLÆRINGA

I ressursbasen på www.nynorsksenteret.no finn du nynorskkurs, nynorske tekstar, boktips, undervisningstips, nynorskordbøker på nettet, spel, testar og mykje meir.



LEVANDE NYNORSK PÅ BRANNFJELL SKOLE

Ei utblåsing av årelang sidemålsfrustrasjon vart starten på eit nyskapande nynorskprosjekt på Brannfjell skole i Oslo. Nøkkelorda er nynorsk venneklasse, aktiv bruk av IKT og levande nynorsk.

TEKST OG FOTO: Knut Åge Teigen



Det var på ei sommarvitjing i heimbygda Etne i Hordaland for tre år sidan at det topa seg for lærar Elin Hardeland. Ho kom i snakk med målmannen Ingolf Vevatne, og all motgangen ho hadde opplevd som lærar i norsk sidemål i Oslo-skulen, fekk fritt utløp. Det var ikkje måte på kor vrient det var å læra borna i hovudstaden nynorsk. For Hardeland vart denne samtalen eit vendepunkt, og ho skjønna at ho måtte endra undervisningspraksisen sin for å lukkast som sidemållærar.

Å møte nynorsken på heimebane

– Språk er kommunikasjon. Elevane mine må sjå at nynorsken er levande og i bruk. Ikkje minst må vi treffa dei som brukar nynorsk til dagleg. Eg må utnytta det at eg kjem frå eit nynorskområde, tenkte Hardeland.

Hardeland tok kontakt med lærar Grete Berge ved Enge skule på heimstaden Etne. Var det mogleg å få til eit norskfagleg samarbeid mellom dei to skulane? Var det òg mogleg at 10. klassen til Hardeland på Brannfjell skole kunne koma på vitjing til Etne? Svaret var eit gledeleg ja på båe spørsmål. Ein mental snuoperasjon hadde munna ut i eit konkret prosjekt som Hardeland kalla «Levande nynorsk».

Lokalavis og ordsamling

Studieturen til Etne vart sett til mars månad, midt i det siste semesteret i avgangsklassen til Hardeland. Då var det om å gjera å nytta tida før studieturen godt. Brannfjell-elevane fekk ein stor og jamleg nynorskdose gjennom eit fast undervisningsopplegg knytt til Grannar, lokalavisa i Etne.

Kvar veke presenterte to elevar kvar to saker frå Grannar som dei fann ekstra interessante. Dei skulle lesa utdrag frå tekstane og fortelja kvifor dei valde akkurat desse sakene. Hovudføremålet var å verta godt kjende med lokalsamfunnet klassen skulle

vitja. På denne måten fekk elevane både høve til å lesa mange saktekstar på nynorsk, og dei fekk tilgang til dagsferske døme på tekstsjangrar dei elles arbeider mykje med på 10. steg. Tekstane fann elevane i hovudsak i den elektroniske utgåva av Grannar, *grannar.no*, seinare fekk klassen òg tilsendt sett med papirutgåver av avisa.

Eit anna opplegg som vart kopla saman med lesing av lokalavis, var at elevane laga si eiga ordsamling. Når elevane kom over nynorske ord som dei ikkje kjende frå før, førte dei desse inn i regelboka si. Regelboka brukar elevane på prøvar, innføringar og til eksamen. Såleis fekk elevane stadig utvida ordtilfanget sitt i nynorsk.

Lokale forfattarar, samskriving og litt Idol

– Det var viktig at elevane i dei to klassane vart kjende med kvarandre før me drog til Etne, fortel Hardeland. Elevane laga cv om seg sjølve som dei la ut på eit felles rom på Class Fronter. I tillegg vart det mykje chatting og SMS-meldingar over langfjella.

På sjølvaste kvinnedagen 8. mars kunne ein spent gjeng med Brannfjell-elevar setja seg inn i Haukeli-ekspressen. Pengane til turen hadde elevane mellom anna tent ved å driva kantine på skule, Kafé Nova, 'kafeen på hjørnet' på Etne-mål. Gjestene frå Oslo hadde i vente to dagar med tett nynorsk-program.

– Den fyrste dagen var det sunnhordlandsforfattarar som stod på timeplanen. Elevane arbeidde i grupper og fordjupa seg i forfattarskapen til mellom andre Ingvar Moe og Rune Belsvik. Kvar gruppe måtte presentera den teksten dei hadde vurdert og analysert. Om kvelden hadde elevane tilbod om å dra på diskotek, men det freista ikkje. Ungdomane hamna alle som ein heime hjå mor til Hardeland. Det var nemleg fyrste sesong med Idol, ler Hardeland.

Den andre dagen skulle elevane vera forfattarar sjølve. To elevar frå Etne vart sette saman med to elevar frå Brannfjell. Etter ein felles gjennomgang av kjennemerke for krimsjangeren skreiv gruppene kvar si krimforteljing. Eitt av krava var at miljøskildringane skulle vera frå lokalmiljøet. Då alle var ferdige med skrivinga, las gruppene novelene høgt for kvarandre og valde ut dei fem novellene dei tykte var best. I fellesstunda etterpå var det krimfinale og skotsterk stemmeduell mellom dei fem finalistane.

Avslutninga på den faglege delen av vitjinga var eit møte med Etne forteljarlag, med Ingolf Vevatne som gjest. Elevane fekk høyra forteljingar om kva som hadde gått føre seg i bygda i eldre tider, det vart mange gode skrøner og mykje lått. Her kunne prosjektet fort ha slutta, men på mange måtar var dette berre ei byrjing for Hardeland.

Meir nynorsk, meir IKT

– Arbeidet med «Levande nynorsk»-prosjektet var inspirerande for meg som norsklærar og gav meirsmak, fortel Hardeland, – og både for elevane og meg sjølv vart Etne-vitjinga og førebuingane eit høgdepunkt. Prosjektet gav dessutan grobott for eit vidare samarbeid med Enge skule. Det måtte verta eit framhald av prosjektet i den nye 8. klassen min som eg skulle ha etter sommaren.

Medan den fyrste runden av nynorsk-prosjektet på Brannfjell gjekk føre seg det eine året i 10. klasse, har Hardeland no lagt planar for eit nynorsk treårsløp i den nye klassen. Elevane byrja grundig med nynorsk etter jul i 8. klasse.

– Eg bestemte meg for å byrja mykje tidlegare med nynorsk i denne klassen. Det er viktig å byrja med nynorsk alt i 8. klasse, seier Hardeland. Også i denne klassen står arbeidet med lokalavis og sjangrar sentralt. Nynorske tekstar er ofte utgangspunktet for innføring av ulike sjangrar. I den førre klas-

sen arbeidde me litt for lite med formverket, så det legg me litt meir vekt på no. I tillegg er IKT trekt meir inn i samarbeidet med Etne.

I vinter gjennomførte klassen blant anna eit lengre samskrivingsprosjekt (sjå eiga sak på side 7) saman med vennskapsklassen på Enge skule, der elevane aktivt brukte tekstskapingsprogrammet Word, tok digitale stillbilete og delte desse via Internett, og gav respons på tekstane munnleg via nettkamera. Koplinga vennskapsklasse og IKT er noko som Hardeland framhevar:

– Gjennom å ha ein vennskapsklasse har elevane på både skulane fått eit større «publikum» å skriva for. Elevane opplever det

som artig og kjekt å skriva for lesarar på den andre sida av fjellet, lesarar som tek tekstane deira på alvor og gjev ordentleg respons. IKT gjer dette lett for oss. Mange skular har vennskapsklassar i framande land, men det er jo endå enklare å gjera dette innanfor Noregs grenser mellom bokmålsklassar og nynorsk-klassar. Og tek du som lærar kontakt med ein skule på Vestlandet, i Telemark eller i Valdres, kan du i verste fall få eit høfleg nei.

Og meir Etne

Denne hausten har elevane frå Brannfjell og Etne arbeidd med brevsjangeren og skrive flittig til kvarandre. Elevane på Enge skule

skriv bokmål, og elevane på Brannfjell svarar på nynorsk. Det er ingen tvil om at både partar får meir å skriva om, for til våren vert det ny studietur til Enge for Hardeland sine elevar. Og då er det vel heller inga overrasking at Brannfjell-folket får servert eit nytt knippe forteljingar og gode skrøner.

Les meir om «Levande nynorsk»-prosjektet på vevsidene til Nynorsksenteret;
www.nynorsksenteret.no/levande



Dette undervisningsopplegget vart gjennomført mellom 8F på Brannfjell skole og 8. klasse på Enge skule i Etne i vinter. Opplegget kravde bruk av IKT og at både klassane hadde tilgang til Class Fronter, den mest vanlege dataplattformen på norske skular.

SAMSKRIVING I VENNSKAPSKLASSAR

Organisering

Eit elevpar frå Oslo vart kopla med eit elevpar frå Etne.

Tid

I to veker gjekk norsktimane med til skriveprosjektet, inkludert to lengre rundar med respons. Responsen var i tillegg både skriftleg og munnleg. Korleis ein skal gjennomføre responsen, bør dei to samarbeidande norsk-lærarane avtala på førehand.

Vurdering utan karakter

– vurderingskriterium

INNHALD:

- Originale, kreative skildringar (smaka, lukta, høyra, sjå, ana, kjenna)
- Innleiing som fengjer lesaren
- Hovuddel med spenningskurve
- Avslutning der me får løysinga, gjerne overraskande

SPRÅK:

- Ordforråd, setningsbygging, rettskriving, teiknsetjing

OPPBYGGING:

- Avsnitt

Oppgåve

Det fyrste elevpara gjorde, var å ta eit digitalt stillbilete som skulle vera utgangspunktet for ei forteljing. Elevpara frå Enge skule tok stillbilete av stader i Etne der det kunne skjone spennande eller skummelt. Like eins tok Brannfjell-elevane stillbilete frå sitt nær-



Kva har skjedd her? Skriv i veg! FOTO: Sylvio og Aksel, 8F på Brannfjell skole

miljø på Ekeberg i Oslo. Det skulle ikkje vera menneske med på bileta.

Med utgangspunkt i biletet skulle elevane skriva innleiinga til ei historie og skildra staden. Kva høyrer, ser, luktar, anar, kjenner, smakar de på staden? Den fyrste responsrunden gjekk berre på innleiinga. Innleiinga vart kommentert både skriftleg og munnleg. Elevane fylte fyrst ut eit respons skjema med konkrete spørsmål og delte dette på Class Fronter, deretter fekk dei høve til å snakka saman via nettkamera og det gratis kommunikasjonsprogrammet Skype.

Etter denne responsrunden skreiv elevane eit nytt utkast der dei fullførte forteljinga. Responsen vart gjennomført på same måten også her, fyrst fylte elevane ut eit eige respons skjema, og så tok dei ein runde med utgreiande munnleg respons.

Til sist skreiv elevane eit endeleg utkast av forteljinga, og den ferdige forteljinga vart lesen høgt for dei andre i klassen med det digitale stillbiletet på stort lerret i bakgrunnen.

Gode tips for samskriving

- Ver tidleg ute med å få oversikt over timeplanane til dei to klassane. Då er det lettare å planleggja respons på nettkamera.
- Gjer avtale med IKT-ansvarleg på skulen om å bruka nettkamera og programma Skype eller MSN. Desse programma er lette å bruka og installera, og mange elevar brukar desse programma dagleg.

Dette opplegget er filma som ein del av ressurspakka i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen. Sjå filmen på www.skuleipraksis.no

SPREKT SIDEMÅLSLYFT PÅ HOLMLIA

Dei tre siste åra har det vore ei omfattande satsing på nynorsk ved Holmlia skole i Oslo. Hovudmålet har vore å utvikla ein modell for nynorskopplæringa som gjeld for heile skulen, og som i større grad sikrar at elevane oppnår kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

TEKST: Knut Åge Teigen

– Bakgrunnen for nynorsksatsinga var at mange elevar uttrykte ei negativ haldning til nynorsk. I tillegg var det ei stor utfordring at ein stor del av elevane synte dårlege resultat i nynorsk, fortel Torill Wiiger Tørjesen og Pål Wiik, som er lærarar ved skulen og to av drivkreftene i nynorskprosjektet.

For å bøta på dei dårlege resultata og negative haldningane gjekk norsklærarane på skulen i 2005 saman om prosjektet *Sidemålsløftet – Holmlia skole*. Lærarane skulle i fellesskap utvikla ein modell som sikra ei systematisk og variert opplæring i nynorsk der både elevar og lærarar fekk styrkt nynorskkompetansen sin.

Bokmål + nynorsk = Norsk

Den viktigaste delen av prosjektet har vore å utvikla ein lokal læreplan i norsk der nynorskopplæringa er integrert som ein naturleg del av norskfaget. Kompetansemåla som elevane skal ha oppnådd etter 10. steg, er brotne ned til delmål for kvart av dei tre åra på ungdomsskulen. Fleire fagmøte og fagdagar har gått med til å utvikla den lokale læreplanen.

– Tidlegare byrja mange elevar her ikkje med nynorsk før på 9. steg, somme ikkje før på 10. steg. Etter den nye lokale læreplanen skal alle elevane frå no av byrja med nynorsk alt om hausten på 8. steg. Då får elevane lengre tid til å læra seg nynorsk, i tillegg til at det haldningsskapande arbeidet får betre grobotn. Elevane må få oppleve nynorsk

som eit moderne bruksspråk. Med ein lokal læreplan vert ikkje progresjonen i sidemålsundervisninga enkeltlæraren sitt ansvar, og nynorsken hamnar ikkje på sidelinja, fortel Tørjesen.

Holmlia skole ligg søraust i Oslo og har over 60 prosent minoritetsspråklege elevar. Såleis er kanskje ikkje Holmlia den staden der ein fyrst hadde gjetta at det vart innført eit nynorskprosjekt, men kanskje er det berre fordommar å tru noko slikt.

Tørjesen utdjuar: – Sjølvsaft er det ein del minoritetsspråklege elevar som synest nynorsk er vanskeleg, men mange av dei fiksar nynorsken greitt. Ein skal ikkje gløyma at minoritetsspråklege elevar ofte er svært språkmektige og kan opptil fleire språk flytande. Ein tidlegare elev sa: «Hvorfor skal

ikke jeg få opplæring og vurdering i nynorsk på lik linje med norske elever? Selv om jeg er minoritetsspråklig, betyr det ikke at jeg er 'dummere' enn norske elever!» Kvifor vågar vi ikkje å stilla dei same krava til minoritetsspråklege elevar som til norske elevar?

Deler gjerne tips med andre skular

Nynorskprosjektet på Holmlia har fått forskings- og utviklingsmidlar frå Nynorsksenteret dei tre siste åra.

– Stønaden frå Nynorsksenteret har gått til konferansar, reiser, innkjøp av skjønnlitteratur på nynorsk og nynorske lærebøker i KRL, eitt av dei valfrie pedagogiske tiltaka me har sett i gang her. I tillegg har stønaden gjort det mogleg å kjøpa fri lærarar til å vera med på oppfriskingskurs og seminar. Men

Sentrale punkt i nynorskmodellen på Holmlia

- Nynorskopplæringa skal ta til om hausten på 8. steg
- Vektlegging av nynorsk skrivemåte (formverk) og korte skriveoppgåver på 8. steg
- Kartlegging av nynorsk kunnskapar på 9. steg. Kva har elevane fått med seg av kunnskapar etter det fyrste året med nynorsk?
- Gjera elevane tryggare i formverket på 9. steg
- Nynorsk skal brukast som undervisnings- og arbeidsspråk (tavlespråk og på prøvar/informasjonsark) i delar av norskfaget, til dømes sjangerlære, litteraturhistorie, språkhistorie
- Elevane skal skriva tekstar jamleg slik at grunnlaget for vurdering vert godt og breitt
- Lærarane deler gode idear, litteraturtips og undervisningsopplegg i ein felles idébank for nynorskopplæringa
- Vanlege reglar for fritak for sidemålsundervisning og fritak for vurdering gjeld



OVER: Tverrfagleg samarbeid mellom norsk og musikk. Elevane syng nynorske songar. Frå venstre: Eric, Svein Olav, Maria og Faduma. FOTO: Snöball Film

TIL VENSTRE: På Holmlia skole brukar fleire av klassane nynorsk lærebok i KRL. Elevane Warzame (til venstre) og Ramtin fordjupar seg i dei ti boda i kristen og jødisk tradisjon.

FOTO: Snöball Film

UNDER: Norsk lærarane på Holmlia skole

FOTO: Torill Tørjesen



det å laga ein lokal læreplan der læringsmål for nynorskopplæringa er spreidd systematisk over dei tre åra på ungdomsskulen, det kan alle skular gjera. Utvikling av lokale læreplanar er noko som skjer i alle norske kommunar no om dagen. Og me deler gjerne Holmlia-røynslene og planane våre med andre skular, seier Wiik.

Nynorsk i andre fag enn norsk

Fire av klassane på 8. steg og to klassar på 9. og 10. steg har teke i bruk nynorsk lærebok i KRL. Dette er eit valfritt tiltak, og elevane har hatt høve til å velja om dei ville ha lærebok på bokmål eller nynorsk. Bakgrunnen er mellom anna at elevane skal lesa meir sakprosa på nynorsk, noko elevane ikkje møter i like stor grad i norskfaget.

– Nynorsk lærebok i KRL er rett og slett nynorsk mengdetrening, seier Tørjesen. – Tiltaket inneber at elevane både les og prøver å skriva nynorsk i KRL-timane. Vi oppmuntrar elevane til å bruka nynorsk som arbeidsspråk, og vi lærarar nyttar nynorsk på tavla og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane. Det er sjølvsagt lærestoffet i KRL som er det viktigaste i faget, men elevane får nynorsktreninga med på kjøpet. Dette gjev oss som både er KRL- og norsklærarar, mange nye høve til å kopla språktrening og språkforståing til fagstoff utanfor norskfaget. Og som ein elev sa: «Så lærer vi to fag i ett. Smart!».

– Dessutan er det vorte ein vane at elevane spør om ord dei ikkje forstår, anten orda er faguttrykk i KRL eller allmenne ord. Til dømes kan elevane spørja om omgrep som synagoge, demokrati eller toleranse. Eg vil seia at vi har fått ein positiv spørjekultur. Dette er viktig ikkje minst fordi det er så mange minoritetsspråklege i klassane, forklarar Tørjesen.

Forutan nynorsk lærebok i KRL (les meir om dette på s. 11) er musikk læraren òg trekt

aktivt inn i nynorskopplæringa. Fleire av klassane har lært seg songar på dialekt og nynorsk som dei syng jamleg. Dessutan skal det lagast eit eige songhefte med nynorske tekstar som skal brukast i musikk timane.

Viktig å ha med leiinga

Det tek mange timar å laga lokal læreplan, og det er krevjande å snu om på tidlegare undervisningspraksis. I tillegg skal ein ha tid til å skriva inn og leggja ut gode tips i den felles idébanken. Og det kan vera vanskeleg nok i ein hektisk kvardag. Det viktigaste i slike prosjekt er likevel kjensla av å utvikla noko saman med kollegaer og å ha leiinga med på laget.

– Det har vore heilt avgjerande for pågangsmotet til oss lærarar at leiinga på skulen har synt tydeleg og positiv stønad til prosjektet, seier Wiik. – Dei har oppmuntra oss og vist i praksis at dei vil prioritera pedagogisk utviklingsarbeid. Det er vi glade for.

Kartlegging

Før sommaren gjennomførte alle 8. klassane på skulen ein enkel nynorsktest for å kartlegga kva elevane kunne etter det fyrste året med skriftleg nynorsk. Testen vart laga og analysert av høgskulelektor Benthe Kolberg Jansson ved Nynorsksenteret. Ho er rettleiar for Holmlia-prosjektet og understrekar at dette ikkje er ei vitenskapleg undersøking og analyse, men meir ei uformell kartlegging for intern bruk på Holmlia skole.

Sidemålet vi i den siste tiden har arbeidet svært så intenst med har virkelig beriket språket mitt og gitt meg valgfrihet i forhold til hvilket uttrykk jeg ønsker i tekstene mine. Jeg mener at nynorsk ofte er vakrere og sartere i tekster hvor man ønsker å skildre nære verdier som kjærlighet. Der bokmålet lett blir klisjéfyllt, blir nynorsk treffende. Jeg ser ikke på nynorsk som et nytt språk, men en ny form av hovedmålet vårt som vi jo kjenner ut og inn. Derfor er det ikke store utfordringen grammatisk sett, men det er selvfølgelig nye regler å forholde seg til. Det er lette mønstre å følge, som jeg nå begynner å føle meg trygg på. Dette gjør at jeg skriver friere og mer naturlig fordi jeg slipper å tenke så mye på grammatikken som i begynnelsen.

Refleksjonstekst av jente i 9. klasse på Holmlia skole

– Elevane vart blant anna prøvde i formverket, i ordforståing og i friskrivning, seier Jansson. – I alt tok prøven ein skuletime. Om lag ein fjerdepart av elevane som deltok i prøven, hadde minoritetsspråkleg bakgrunn. Resultata varierte litt frå klasse til klasse, men det var gode resultat i fleire klassar. Tendensen var at elevane med minoritetsspråkleg bakgrunn skåra om lag like bra som elevane med rein norskspråkleg bakgrunn, faktisk var skilnaden mindre enn mellom jenter og gutar. Desse resultatata tyder på at argumentet om at minoritetsspråklege elevar ikkje klarar å læra seg nynorsk, det held rett og slett ikkje vatn.

Stor overføringsverdi

Benthe Kolberg Jansson meiner Holmlia-prosjektet er eit viktig prosjekt med stor overføringsverdi for andre bokmållsskular.

– For det fyrste, seier Jansson, – har lærarane her laga ein modell for sidemålsopplæringa som gjeld heile skulen, og som er del av ein lokal læreplan. På Holmlia skole er målet å styrkja nynorsken og å stilla krav til norsk språkkunnskap. Det er å håpa at andre skular tek etter.

– Det andre er at Holmlia satsar på tidleg start og systematisk progresjon frå 8. til 10. steg. Dette er eit prosjekt som kan inspirera og stimulera andre skular til å laga sin eigen modell for nynorskopplæring, ikkje minst i Oslo der presset mot sidemålet er ekstra stort.

Fleire av klassane på Holmlia skole brukar nynorsk lærebok i KRL. Hovudmålet er først og fremst at elevane skal få meir øving i å lesa fagtekstar på nynorsk. Med ei nynorsk lærebok utanfor norskfaget får elevane røynsle med nynorsk som eit språk i bruk.

NYNORSK LÆREBOK I KRL

Det er viktig å avklara eit slikt lærebokval tidleg med elevane og med heimen. Å forlenge sidemålsundervisninga til KRL, eventuelt samfunnsfag, har fleire pedagogiske fordelar som dei føresette må informerast om.

Organisering

Det er friviljug om elevane har lærebok på bokmål eller nynorsk. I dei klassane som prøver ut dette, har dei fleste elevane i klassen nynorsk lærebok.

Tid

Den nynorske læreboka i KRL vert brukt i alle KRL-timar i alle dei tre åra på ungdomsskulen.

Vurdering utan karakter

Elevane får ikkje eigen karakter i nynorsk i KRL-faget.

Moglege nynorskaktivitetar

- Elevane nyttar nynorsk som skriftspråk i KRL-timane, det vil seia at dei nyttar nynorsk både når dei skriv samandrag av tekstar, svarar på oppgåver, lagar spørsmål og svar til innhaldet i kapitlet, sær-oppgåver og skriv refleksjonstekstar.
- Læraren nyttar nynorsk som tavlespråk og på prøvar og anna informasjonsmaterie.
- Ordbank: Kvar gong elevane les ein ny tekst i læreboka, anten det er på skulen eller heime, skriv dei inn nye eller vanskelege ord i ein eigen ordbank. Ordbanken kan anten vera i ei eiga bok, eller dei kan




FOTO: Torill Tørjesen

skriva orda inn i margin på skriveboka si. På denne måten vert elevane oppmuntra til å spørja om ord og omgrep dei ikkje skjønar, både ord som er særeigne for nynorsk, og generelle fagomgrep. Dermed aukar ordtilfanget til elevane både på bokmål og nynorsk. Læraren kan med jamne mellomrom spørja elevane om kva ord dei har funne, og skriva desse på tavla. På den måten deler elevane dei nye orda med kvarandre.

- Klassen brukar nynorske tekstar ved høgtlesing, anten det er læraren som les, elevar som sit to og to, eller elevar

i gruppe. Det kan anten vera tekstar frå læreboka eller tekstar som elevane sjølve har skrive.

- Elevane kan «låna» tekst frå læreboka når dei skriv. Dei kan henta ord og uttrykk frå tekstane når dei skriv tekstar sjølve eller svarar på oppgåver. Dette er både ei skrivehjelp og ei automatisering av korleis bestemte ord vert skrivne.

Dette opplegget er filma som ein del av ressurspakka i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen. Sjå filmen på www.skuleipraksis.no

SPRÅKSTIMULERING

KONFERANSE OM BRUK AV NYNORSKE TEKSTER I FØRSKULEN OG PÅ BARNETRINNET

Torsdag 17. april 2008 skipar Nynorsksenteret til konferansen *Språkstimulering* i Bergen. Frå ulike innfallsvinklar skal fagfolk og forfattarar ta føre seg korleis born kan ta dei første stega inn i den nynorske skrifta. Informasjon om påmelding og program kjem på vevsida www.nynorsksenteret.no/konferanse/



FOTO: Torunn Berge Gloppen

Innleiarar som er stadfeste:

Lise Lunde Nilsen, lektor ved Våland skole i Stavanger. Nilsen driv prosjektet *Haugtussa som barnelitteratur* (sjå biletet). I prosjektet har ho arbeidd med korleis elevar med bokmål som hovudmål tidleg kan ta i bruk nynorsk litteratur.

Anne Høigård, førstelektor ved Universitetet i Stavanger. Høigård har mellom anna skrive *Barns språkutvikling: muntlig og skriftlig*.

Rune Belsvik, forfattar. Belsvik har skrive fleire kjende barnebøker, mellom anna dei klassiske bøkene om Dustefjerten.

Lila Moberg, høgskulelektor ved Høgskulen i Volda. Moberg har fått nynorsk fagbokpris for 2007, og arbeider med kreativ bruk av IKT for små born.

Ingjerd Traavik, høgskulelektor ved Høgskulen i Volda. Traavik er aktuell med boka *Innføring i bildeanalyse – med Fam Ekman inn i bildeboka*.

KURSTILBOD

VEGEN TIL BETRE NYNORSKOPPLÆRING

KURS FOR LÆRARAR, BIBLIOTEKARAR OG ANDRE:

- **Fordi han er bra!** – om den nye nynorske barne- og ungdomslitteraturen
- **Med nynorsk i den digitale verktøykassa** – om pedagogisk bruk av IKT i nynorskundervisninga
- **Å lykkast med sidemålsopplæringa**

- **Tekst på nynorsk** – presentasjon og utprøving av nettkurset «På nynorsk»
- **Lesestrategiar i alle fag**

Nærare informasjon om kursa finn du på www.nynorsksenteret.no/kurstilbod/

NYNORSKOPPLÆRINGA GÅR TIL FILMEN

No kjem det ein ressurspakke med filmar som syner gode opplegg for undervisning i nynorsk som sidemål. Hovudtyngda av filmane tek føre seg opplæringa på 8.–10. trinn, men me ser òg døme på opplegg der ein byrjar tidlegare med nynorsk.

TEKST: Arild Torvund Olsen FOTO: Kristin Kibsgaard Sjøhelle og Hjalmar Eiksund

Filmpakken heiter i *praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen* og er laga av Snøball Film i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret). Snøball Film har tidlegare laga tilsvarende filmpakkar om matematikk, filmarbeid og naturfag. Undervisningsopplegga er filma på skular kringom i landet, mellom anna i Oslo, Trondheim og Stavanger.

Filmane syner ulike innfallsvinklar til nynorskopplæringa, til dømes korleis ein kan nytta lokalaviser i sidemålsopplæringa, laga

reklame på nynorsk eller laga teikneseriar av nynorske noveller. Me får fylgja undervisninga i klasserommet, og me får høyra lærarane reflektera kring opplegga sine.

Heile pakken vert tilgjengeleg gratis på sida www.skuleipraksis.no frå i vinter av, slik at noverande og komande norsklærarar kan henta inspirasjon til nynorskundervisninga si. Filmane kan til dømes nyttast på fagdagar, seksjonsmøte, til sjølvstudium eller som ein del av lærarutdanninga.



BOKTIPS

PRESENTERT AV Janne Karin Støylen



VEVSIDETIPS


PRESENTERT AV Ingrid Slettevoll



Det nærmar seg eksamen i tiande klasse. Albert og den einaste kameraten hans, Kyrre, skal opp i fransk munnleg. Dei andre gutane gjev ikkje Albert fred. Kvifor er han så liten? Kvar er faren? Har han i det heile nokon far? Albert bestemmer seg for å svare denne gongen. Faren er berømt kunstnar, han stiller ut i Pompidou-senteret i Paris, og snart kjem han til heimstaden for å ha utstilling her! Då dei er ferdige med eksamen, tek Albert med seg konfirmasjonspengane og overtalar Kyrre til å bli med til Paris for å leite etter faren. Så dreg dei!

Albert utviklar seg mykje og positivt gjennom boka, og til betre han trivst med seg sjølv, til lettare har han det saman med andre.

Tore Elias Hoel er fødd i 1953. Han har mellom anna gjeve ut *Fire dagar i Nairobi* (1999), *Glaskula* (2003) og *Vinterfilm* (2005).



Tore Elias Hoel
To gutar til Paris
Samlaget 2007

Magasinett (www.magasinet.no)

Samansett tekst er eit tekstomgrep som er innført i skulen ved innføringa av Kunnskapsløftet. Tekstomgrepet er dermed utvida til å gjelde både skrift, lyd og bilete. På dataskjermen kan vi til dømes møte samansette tekstar som multimodale nettsider.

I kompetansemåla for samansette tekstar etter 10. årstrinn heiter det mellom anna at eleven skal kunne «vurdere estetiske virkemidler i sammensatte tekster hentet fra informasjons- og underholdningsmedier, reklame og kunst og reflektere over hvordan vi påvirkes av lyd, språk og bilder» (LK 06). Vidare er det eit mål for opplæringa at eleven skal kunne «lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk».

Det er ein føresetnad for å nå kompetansemåla at elevane får utforske samansette tekstar i ulike sjangrar både på bokmål og nynorsk. Den nynorske nettsida *Magasinett* er eit nynorsk nettmagasin der elevane kan møte samansette tekstar i mange ulike sjangrar, både som skjønnlitteratur og sakprosa. Kategoriane *Artiklar*, *Synsingar*, *Meldingar*, *Are Kalvø denne veka* og *Skrivekløe* kan stå som eksempel på sjangrebreidda på nettsida. I *Magasinett* kan elevane finne tekstar av forfattarar som skriv kritisk, ironisk eller kanskje humoristisk om aktuelle tema. Ikkje minst er det ein møtestad på nettet der elevane kan gjere seg kjende med nye filmar, bøker og musikk og utveksle meiningar om det ungdom er opptekne av.

Magasinett er også ein ressursbank for lærarar både som informasjonskjelde og som læremiddel. Nettstaden har utarbeidd ei handbok for læraren med tips om arbeidsmåtar og forslag til oppgaver for elevane.

På nynorskbok.no finn de fleire tips til nye, gode nynorske barne- og ungdomsbøker.



«Grammatikk og kjærleik» kjem til å appellere, kanskje meir enn mykje anna, til målgrupper ein elles vil ha vanskar med å nå.
(Møre-Nytt)

No får de skulepakken med musikalen Grammatikk og kjærleik for berre 500 kr

Musikalen *Grammatikk og kjærleik* handlar om barn-
domen og ungdomstida til Ivar Aasen, fortald gjen-
nom ein kombinasjon av nyskriven musikk, nyskrivne
tekstar på nynorsk og dialekt og originale tekstar av
Ivar Aasen. Plata inneheld låtar med mellom andre
Simone Larsen (D'sound),
Beate Slettevoll Lech (Beady
Belle, eks Folk & Røvere) og
rapperane i Side Brok.

No kan Nynorsksenteret
tilby ein skulepakke som
gjer det lett å ta i bruk
musikalen, anten ein vil
setje opp heile stykket
eller ein berre vil bruke
nokre av songane i
norskundervisninga.

PAKKEN INNEHELD:

- Manus (både på nynorsk og på dialekt) på CD-ROM
- Notar (for solistar, kor og instrument) på CD-ROM
- Klasesett av CD-en med musikken
- Lydfiler med ferdiginnspelt musikkomp



Pakken kostar berre 500 kr
per klasse, og er til sals frå
nynorsksenteret.no/musikal/

Du kan òg tinge pakken på
telefonnummer 70 07 50 16
eller på e-postadressa
ror@hivolda.no

NYNORSKSENTERET – NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

VIL DU ABONNERE PÅ DETTE BLADET?
NYNORSKOPPLÆRING er gratis, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten når det kjem ut. Hugs å sende med namnet og adressa di!

